

## SØKNAD OM DISPENSASJON

### For tiltak på følgende eiendom:

Gnr: ...121...                      Bnr: 92....                      F.nr:.....                      S.nr:.....

Adresse: .... Rødsvågen ...5463 Uskedalen.....

### Søknaden er sendt av :

Namn på tiltakshavar: .....Hallvard Johan Rød.....

Adressa til tiltakshavar:..Shweigårdsvei 51.....5063.....Bergen.....

Kontaktperson 1:                      ...Hallvard J. Rød.....

Telefon dagtid: 91834015..... Epost-adresse: hallvardrod@outlook.com.....

Kontaktperson 2:                      ...Tove Skotteberg.....

Telefon dagtid: 91862044..... Epost-adresse: tove.skotteberg@gmail.com.....

### Eg/vi søker om dispensasjon frå: (set kryss for det riktige)

- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplan for .....
- Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, utbyggingsplan)  
    Namn på plan: .....
- Plan- og bygningsloven (pbl)
- Byggeteknisk forskrift (TEK17)
- Anna Beskriv:  
    .....

### Eg/vi søker om dispensasjon frå følgende føresegner knytte til ovannemnde:

Dispensasjon frå føremålet i Plan-og bygningsloven  
«Offentleg eller privat tenesteyting»

**For å kunne byggje/gjere:** (beskriv kva du skal byggje/gjere, som til dømes byggje garasje, bruksendre del av eksisterande bygg frå bustad til næring osv.)

Fritidsbustad for utleige samt toalettfasilitetar

### Eg/vi søker om :

- Dispensasjon etter §19-1 i pbl (permanent)
- Dispensasjon etter §19-3 i pbl (mellombels) fram til følgjande dato: 3 år frå ev. vedtak

## **Grunngjeving for dispensasjonssøknaden:**

### **1. Skildring av prosjektet**

Eg ynskjer å setje opp eit lite bygg i to etasjar, parallelt med Bøkkerverkstaden på Rød. Bygget vert ca 45 kvm stort, ca 4,5 x 10 m. Til samanlikning er Bøkkerverkstaden ca 8x9 m.

I bakkant av bygget vil det vera toalettfasilitetar/tilgang til vatn, med eigen inngang for brukarar av Bøkkerverkstaden. Toalettet vil ha universell utforming(tilgang for rullestol etc.)

Hoveddelen vil vera fritidsbustad hovudsakleg for utleige, med ca 6 sengeplassar.

Tomta som er aktuell er planert ut, det har tidlegare stått eit bygg her som antageleg vart brukt til lager for Bøkkerverkstaden. Området har seinare vorte liggjande brakk, men har til tider vore nytta til parkering i samband med arrangement.

### **2. Grunngjeving**

Bøkkerverkstaden på Rød, til vanleg kalt Bøkkeren, er eit kulturminne i privat eige, og ein uavhengig del av Bygdetunet Rød. Verkstaden vart bygd i siste del av 1800-talet, men er ikkje freda.

Det har vore drive som forsamlingslokale for private og offisielle arrangement, konsertar/festivalar og museum. Mellom anna er det brukt av skuleklassar, prosjekt i regi av Sunnhordland Museum.

Eg bur no sjølv i Bergen, men ynskjer å oppretthalde og vidareutvikle aktivitet på Bøkkeren og leggja til rette for at borna mine kan gjere det same.

Fasilitetane på området er dårlege, det er ikkje vatn på eigedomen og berre eit utedo som er utilgjengeleg for rørslehemma. Med betre fasilitetar vil det vera meir attraktivt å leige Bøkkeren for ulike arrangement og prosjekter, samt å arrangere kulturkveldar sjølv.

Å ta vare på og utvikle eit gammalt kulturminne bygg krev jevnleg tilsyn, vedlikehald og oppgraderingar. Inntekta frå utleige utgjer dag svært lite. Som pensjonist har eg ikkje midlar til å finansiere større økonomiske løft.

Difor er oppføring av fritidsbustad for utleige ei føresetnad for at eg skal kunne oppgradere eigedomen. Inntekta frå dette vil kunne finansiere både nybygget og naudsynt vedlikehald.

### **3. Problemvurderingar**

#### **UTBYGGING I STRANDSONA**

Eg har vurdert utfordringane i dette prosjektet når det gjeld spørsmålet om utbygging i strandsona. Eigedommen er liten og det vil ikkje vera høve til ei annan plassering enn den eg har skissert i situasjonskartet.

Føremoner:

- Bygginga kan sikre inntekter til drift av Bøkkeren som museum og samlingsplass
- Bøkkeren vil kunne tilby universelt utforma toalettfasilitetar samt tilgang til vatn.
- Tomta har vore bygd på før, ei bygging her vil ikkje vera eit inngrep i urørt natur.
- Utforminga av bygget vil ta omsyn til eldre byggeskikk og fargebruk og vera visuelt tilpassa det gamle tunet.
- Bygget vil passe godt inn i eksisterande naustrekkje i Rødsvågen
- Strandbeltet framføre bygget vil ikkje verta endra, det vil framleis vera ålment tilgjengeleg.
- Området vil i større grad enn før ligge til rette for friluftsliv, rekreasjon og kulturelle opplevingar.

#### **VATN OG AVLØYP**

Det må tilførast vatn og lagast til avløyp frå nybygget.

Grunneigar på naboeigedommen har fått løyve til oppføring av uleigehytter og naust, som vil liggja tett opptil Bøkkereigedommen.

Det vil vera aktuelt å samarbeida med naboen om tilførsel av vatn og privat avløypspreinsing.

#### **BRANNVERN**

Eit bygg så nær eit tørt, gammalt bygg kan medføre auka risiko for brann. Det vil difor vera svært viktig for meg å gjere naudsynte brannførebyggjande tiltak ved bygging.

Eg vil og vera oppteken av å handheva strenge reglar for bruk av open eld på eigedommen. Ei føremon med dette prosjektet vil vera at eg får tilgang til sløkkjevatn.

I ei samla vurdering ser eg det slik at føremonene ved prosjektet er større enn ulempene.

### **4. Tilkomstveg/parkering**

Det er eksisterande veg frå hovudvegen til Bøkkeren som eg har bruksrett til.

Den vil og kunna nyttast av leigetakarar.

Eg tenkjer å leiga ut fritidsbustaden på vekebasis, det vil ikkje medføre særleg auka trafikk i området.

Det vil bli ein parkeringsplass med ladetilgang i bakkant av bygget.

Når det gjeld arrangement har eg avtale med grunneigar om å nytta parkeringsplass ved hovudvegen.

## 5. Føremål

Offentleg eller privat tenesteyting i KPA

Føresegnene § 3.4.1 seier kva tiltak som kan etablerast der; « I område for offentleg og privat tenesteyting kan det etablerast barnehage, skule, forsamlingshus og bygningar og tiltak for helsetenester, pleie, omsorg, offentleg administrasjon og tenester, livssynsutøving og samfunnstryggleik (jfr.plb § 11-9 nr. 5 )

Toalettbygg vil til ein viss grad vera i samsvar med føremålet.

Utleigehytte er det ikkje.

Signatur(ar): 4/11-15  
Hallvard J. Rød

Dato og underskrift tiltakshavar

Dato og underskrift eventuell ansvarleg søkjar

### Vedlegg:

| Beskriving av vedlegg   | Lagt ved | Ikkje relevant |
|---|----------|----------------|
| Kvittering for nabovarsel (skal alltid vere med)                    | X        |                |
| Teikningar  |          | X              |
| Situasjonsplan  | X        |                |
| Eventuelle fråsegner/vedtak frå andre styresmakter (sjå SAK10 §6-2) |          |                |
| Andre vedlegg:  |          |                |
| Vedlegg 1 Bilete  | X        |                |
| Vedlegg 2 Kopi av nabovarsel  | X        |                |